



Langenes Bygg AS
Vidar Langenes

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/3259 - 14/9338

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
15.04.2014

Løyve til nedbrenning og godkjent ansvarsrett - gbnr 131/4

Remme

Vedtak:

Kommunen gjev løyve til nedbrenning av hus i samsvar med søknad om endringsløyve motteken den 31.03.2014, jf. pbl § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

I medhald av rundskriv HR 9/95 frå DBE og forureiningslova § 7 gis det løyve til brenning av våningshus på gbnr. 131/4. Det er sett krav om riving som i løyve av 24.08.2004 vilkår punkt 6 som lyder:

«Eksisterande våningshus skal vera reve seinast eitt år etter at bruksløyve / ferdigattest er gjeve for ny bustad. Ansvarleg SØK vert ansvarleg for å melda dette attende til kommunen».

Før brenning skjer må:

1. Det må dokumenterast at tilfredsstillande varsling av naboar i området er gjennomført. Gjenparten av nabovarselet er ikkje motteken og må sendast inn.
2. Gjennomføringa av brenninga skal leggjast til eit tidspunkt der den er til så lite sjenanse for omgjevnaden som praktisk gjennomførbart.
3. Bygningen må miljøsanerast før brenning. Dette inneber at miljøfarleg avfall og spesial avfall skal fjernast før brenning og håndterast. Alt avfall skal leverast til godkjent mottaksanlegg.
4. Kvittering for avfall levert til godkjent mottaksanlegg etter miljøsanering skal sendast kommunen før brenning kan gjennomføres.
5. Det må utarbeidast avfallsplan som skal omhandle disponering av bygningsrester/aske etter brannøvinga og øvrig riving.
6. Dokumentasjon for at rivings- og nedbrenningsavfall er levert til godkjent mottaksanlegg skal leggjast fram for Lindås kommuneinnan den 01.08.2014.
7. Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.

Vurdering:



Tilhøve til utvalde naturtypar

Nedbrenning vil inngå som ein del av tronen for varmeøvingar i brannvesenet.

Mijøstyresmaktene arbeider generelt for å redusere avfallsmengda som oppstår, auke gjenvinning og redusere miljøproblem som avfallet forårsaker. Handsaming av avfall utanfor etablerte ordningar, til dømes nedbrenning, vil bidra til å undergrave arbeidet med å redusere helse- og miljøulempene ved håndtering av avfall, og bør difor reduserast til eit minimum.

På generelt grunnlag vil kommunen difor ikkje tillate open brenning, då dette kan bli brukt som ein måte å bli kvitt avfall på. Det er likevel mogleg å gjere unntak dersom brenningen er ein viktig del av beredskapsarbeidet til brannvesenet. Brannøvingar der reelle bygningar er brukt er ein viktig del av brannvesenets øvingar, då desse objektene gir ein mest mogleg realistisk øving i forhold til varme, ild- og røykutvikling.

Det er ikkje funne registreringer av sårbarer arter eller økosystemer i området som vil kunne påvirkes negativt av brenningen. I dette konkrete tilfelle skal tiltaket gjennomføres på en opparbeidet tomt som har vert i bruk i lengre tid. Det er difor ikkje venteleg at man ved supplerande undersøkingar vil kunne finne sårbarer elementer som tidlegare ikkje har vore kjent.

I dette tilfellet vil det vere krav om miljøsanering av bygget før brenning, og deponering av bygningsrester etter riving og brenning. Etter at bygningen er miljøsanert, vil den potensielle mengden utslipps av skadelege stoffer til omgjevnaden vere sterkt redusert. Ein finn difor ikkje at totalbelastninga av tiltaket vil bli for stor eller at økosystem og omgjevnader omkring tiltaket vil bli forringa. Det må leggast vekt på at den samfunnsmessige nytten av at brannvesenet får øvingsobjekter vurderast å vere viktigere enn den begrensna mengda utslipps ein kontrollert nedbrenning vil medføre. Miljøsanering vil saman med eit nøytral vurdert val av tidspunkt for nedbrenning gi minst mogleg skader i samband med tiltaket.

Det må tas høgde for vertilhøve som kan forsterke ulempene frå tilaket.

Naudsynt opplysning om brannøvinga ligger til brannvesenet.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
UTF	1	Nedbrenning	Lindås og Meland Brannvern	935084733	L

*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Søknaden omfattar nedbrenning av eldre våningshus i samsvar med vilkår om riving i tidlegare løyve.

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teken stilling til og er ikkje omfatta av dette løyve. Det same gjeld tiltak som er nemnt i saksutgreiinga men som ikkje er nemnt i førre avsnitt.

Søknaden er handsama som søknad om endring.

Nabotilhøve

Kvittering for gjennomført nabovarsling er vedlagt søknaden. Gjenparten av nabovarselet er ikkje sendt inn.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
Endringssøknad	1	2.800
Ansvarsrett	1	2.500
Totalt å betale:		5.300

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage første gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjever

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Elisabeth Fosse

Radøyvegen 27a 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Langenes Bygg AS